

Vedlegg til Ruspolitisk handlingsplan 2016 -2020

2. Ungdata 2015

I undersøkinga vert det fokusert på fleire faktorar som spelar inn for unge og vaksne sine rusvanar og oppvekstvilkår.

Ungdata-undersøkinga i Fitjar 2015 er gjort i samarbeid med KoRUS Vest, Bergensklinikkane. Alle data som er samla i regi av Ungdata samlast i ei nasjonal database, forvalta av NOVA.

Ungdata-undersøkinga er inndelt i fleire faktorar og fordelt slik:

Helse, og trivsel,
Nære relasjonar og lokalmiljø,
Skule og utdanning ,
Fritidsaktivitetar,
Rusmiddelbruk ,
Risikoåtfærd og vald.

2.1 Ung i Noreg:

Helse og trivsel:

Livsstilsvanar vert ofte etablert i ungdomsåra og kan ha betydning for helse, både i ungdomstida og seinare i livet. Born og unge opp til 16 årsalder er jamt over fysisk aktive.

Kosthaldet har endra seg i meir positiv retning. Mange unge slit psykisk i periodar. For dei fleste er symptom på psykiske lidningar forbigåande, mens for nokre blir dei varige, og dette aukar med alderen. Med aukande individualisering og sterkare press om å lukkast i skule, har fleire vore bekymra for utviklinga av ungdom si psykiske helse. Studier viser ei auke i depressive symptom blant ungdom. Det har dessutan vore ei klar auke i angst og depresjonslidningar som grunn for uføretrygd blant unge. Fleire undersøkingar viser og ei klar samanheng mellom mobbing og psykisk helse.

Unge er aktive og trener på fritida. Media gir eit inntrykk av at ungdom er i fysisk forfall. Men talmateriale viser at det er like mange unge som trener i dag som for 20 år tilbake. Samstundes er mange elles i kvardagen lite fysisk aktive, og bruker mykje tid på PC og spel.

Nære relasjonar og lokalmiljø:

Tilbodet av organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod påverkar utfalding og bidrar samstundes til å skapa identitet og samkjensle i eit lokalmiljø. Det same gjeld for tilgang på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg prega utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt.

Barn og unge bruker lokalmiljøet i større grad og på ei anna måte enn foreldra. Trygge og sunne lokalmiljø er difor særleg viktig for denne aldersgruppa si velferd. Barn og unge kan og ha andre meiningar enn vaksne om kva som gir livskvalitet på heimplassen.

Sjølv om ein stor del av dagens barndom og ungdomstid føregår innafor barnehage, skule og ulike fritidsordningar, er foreldra framleis dei viktigaste omsorgspersonane i oppveksten. Foreldra sine ressursar – økonomisk, kulturelt og sosialt – legg grunnlaget for born og unges levekår.

Foreldra er rollemodellar og viktige ressursar i ungdommane si oppvekst og utvikling .

Kva rolle dei jamn aldrande venene spelar i kvar enkelt ungdom sitt liv varierer. Mens nokre trives godt med ein eller to vener, er andre opptatt av å ha ein stor venegjeng og flest mogleg «likes» på digitale media. Men for mange vil kvaliteten på venskap likevel bety meir enn talet.

Skule og framtid:

Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men òg ein arena for sosialt samvær. Nasjonale studier frå dei siste 20 åra viser at norske ungdomsskule elevar i aukande grad trivest og at det er færre som keiar seg eller som gruar seg til å gå på skulen. Samanlikna med elevar i mange andre land er trivselen i norske skular høg.

For mange elevar minskar skuletrivselen med alderen. Jentene sluttar i noko større grad opp om skulens prosjekt enn gutane, og jenter går ut av skulen med ein god del betre karakterar. Resultatet i grunnskulen speglar og kor mange som lukkast i vidaregåande skule.

Fritidsaktivitetar:

Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktig arenaer for samvær med andre unge og gir andre røynsler og læringsbetingelsar enn det som skjer på skule eller i meir uformelle situasjonar. På sitt beste får ungdom moglegheit til å utvikla sine evner, og lærer å fungera i eit fellesskap, ytra meiningar og arbeida målretta.

Ungdom si fritid er i endring og heimen er blitt viktigare opphaldsstad for dei unge. Generasjonskløfta er mindre, bustadene større og dei fleste tenåringar har eige rom eller nyttar kjellarstove eller liknande til å samle vener.

Dei unge nyttar mykje tid framføre nettbrett, datamaskinar og TV-skjerm, og særleg for gutar i ungdomsskule er dataspel ei sentral fritidssyssele. Internett og ulike typar nettbaserte spel og sosiale meider gjer at det er mogleg å vera heime samstundes som ein har kontakt med vener. Den nye kommunikasjonsteknologien har gjort behovet mindre for å møtast fysisk.

Rusmiddelbruk:

Alkohol som rusmiddel har ei lang tradisjon/historie som fortel at alkohol og rus ikkje berre er eit problem, men òg satt i samanheng med ljose, positive sider. Trass i at vaksne drikk meir alkohol enn tidlegare, har dei unge si bruk av alkohol, flata ut dei seinare år. Det er ei tydeleg nedgang frå årtusenskiftet. Likevel er det mange unge som drikk

alkohol, spesielt i siste tenåringsfase. Dette kan vera eit slags symbol på å ta steget frå born inn til vaksenlivet, samstundes som det er vevd saman med venskap, flørting og ein sosial livsstil.

Når det gjeld tobakk, er andelen røykarar blant unge og vaksne gått svært mykje ned. Andelen som snuser har gått opp blant dei unge. Auka snusing veg likevel ikkje opp mot tilbakegangen på røyking. Røyking blant unge har liten status og respekt i dei fleste ungdomsmiljø.

Det at alkohol er eit legalt og sosialt akseptert rusmiddel, mens hasj og andre narkotiske stoff er forbode, utgjer likevel ein viktig forskjell. Både rusmiddelbrukarens eigen forståing og omverdas tolking og reaksjon, påverkast av om stoffet er lovleg eller ikkje. Unge som bruker illegale rusmidlar, har kryssa ei ekstra grense.

Risikoåtfærd og vald:

Å debutera tidleg med kriminalitet og utføra lovbrøt av alvorleg karakter, aukar risikoen for ein aukande kriminell løpebane seinare i livet. Det ikkje heilt tilfeldig kven som havnar i denne gruppa. Ofte har dei andre tilleggspørsmål som ustabile liv i heimen, svak psykisk helse, dårleg skuletilpassing, svakt sosialt nettverk og rusproblem.

Mobbing:

Ei ny type mobbing har blitt meir aktuell dei siste åra- digital mobbing. Sosiale media opnar for sjikane, uthenging og andre former for krenkjande omtale i meir eller mindre anonyme former.

Mobbing er mest nytta på barneskulen og blir mindre i løpet av tenåra. Både dei som mobbar og dei som vert utsett for dette i ungdomstida, utgjer risikoutsette grupper. Ofra er særleg utsett for psykiske og fysiske problem seinare i livet.

Vald:

Ungdom er oftare involvert i valdsepisodar enn andre aldersgrupper. Valden kan ta ulik form og kan grovt deles inn i fysisk, psykisk og seksuell vald.

Gjerningspersonane kan vera både vaksne og jamnaldrande. Gutar er overrepresentert

i denne gruppa. Valdsepisodar har svinga frå 90-talet og det er no ein nedgang i valdsepisodar i landet. Eit endra og svært aktivt mediebilde får oss til å kjenna dette annleis.

2.2.1 Ung i Fitjar 2015:

Talmateriale frå Ungdata i Fitjar 2015 er basert på svar frå Fitjar-ungdom i ungdomsskuletrinnet. Fitjar vidaregåande skule var ikkje med i undersøkinga.

Undersøkinga er gjort i veke 42 og 43 i 2015 og hadde ein svarprosent på 93 %

Fitjar Kommune hadde siste undersøking om rus og rusmidlar blant ungdom i 2013. Dette var ei HKH- undersøking(hurtigkartlegging) på bakgrunn av uro-meldingar i treningsmiljø der ein mistenkte større bruk av anabole steroidar. Talmatriale er ikkje nytta i samanlikna med Ungdata 2015.

Helse og trivsel:

76% av Fitjar-ungdom svarer at dei er nøgd med helsa si – 85% trener kvar veke. Dette stemmer òg godt overeins med landsgjennomsnittet av ungdom i Noreg.

Meir 13% føler seg plaga av einsemd – her viser landsgjennomsnitt 11%.

Av dei som kjenner på daglege helseplager er dette heilt likt i Fitjar og resten av landet, på 11%.

Mobbing i Fitjar: 9% i Norge: 7%

Svar om dei unge sitt kroppsbilete :

Eg er ikkje nøgd med utsjånaden min: 20% gutar og 37% jenter

Eg ønskjer at eg såg annleis ut: gutar 20% jenter 42%

Eg ønskjer at kroppen min var annleis: 22% gutar, 54% jenter

Eg likar utsjånaden min veldig godt: 72% gutar , 54% jenter

Eg synest eg ser bra ut: gutar 69% jenter 56%

Søvn:

Følg seg lite utkvilt etter å ha sove: 21% gutar 27% jenter

Vore så trøtt at det har gått utover skulearbeidet eller fritid: gutar: 5% jenter 13%

Har ikkje klart å sovne før etter kl 0200 om natta: gutar 5% jenter 17%

Dette er eit nasjonalt problem. Noreg er på toppen i europa av ungdom som søv for lite.

Helsesøster i skulane er viktig samtalepartner for ungdommane iflg.

Denne undersøkinga

Databruk: I helgane er størstedelen av ungdom på data i 5 timar eller meir i helgane. Eit mindretal av dei spurte bruker meir tid.

Ungdom spelar dataspel i helgane, størstedelen mellom kl 19-22 og 73% av dei spurte er gutar, 10% jenter. Ei lita gruppe spelar etter midnatt, mest gutar.

Nære relasjonar og lokalmiljø:

81% svarte at dei er er nøgd med lokalmiljøet i Fitjar – 70% svarer dette på landsbasis.

Nok lokale å treffe andre unge: Fitjar: 71% Noreg: 49%

Bra tilbud av idrettsanlegg: 77% i Fitjar svarer at det er bra. Noreg: 72

Godt kulturtilbod: Fitjar: 65%- Noreg: 61%

Godt kollektivtilbod: Fitjar: 33%- Noreg: 60%.

Trygt nærområde: Fitjar: 94% føler seg trygge. Noreg: 85%.

Foreldra si påverknad:

Kor viktig er det for deg å retta deg etter foreldra sine meiningar knytt til

syn på rusmidlar: gutar 37% jenter 51%

Skule og framtid:

Trives på skulen: Fitjar: 94% trivst. Noreg: 93%

Gjer lekser minimum 30 min: Fitjar 85% Noreg: 76%

Bruker ofte helgane til skulearbeid: Fitjar 19% Noreg: 43%

Skulking: Fitjar 14% Noreg: 21 %

Trur dei vil ta høgare utdanning: 46% i Fitjar svarer dette. Noreg: 63 %.

Djupundersøking viser at det er større del av jenter som har liten tru på at dei vil

ta høgare utdanning enn gutar i Fitjar.

Trur dei vil ta fagbrev: Fitjar: 43% Noreg: 35%

Fritidsaktivitetar:

Her er Fitjar-ungdom meir aktive i lags- og organisasjonsliv og har ei fritidssyssele. Når det gjeld skjermtid er det likt med resten, men noko mindre bruk av datamaskin.

Tobakk og rus:

Ein promille-del røyker av ungdommane i Fitjar.

Nr det gjeld snus er dette likt som resten av landet.

Drukke seg rusa: Fitjar 6% - Noreg 14 %

Blitt tilboden hasj: 7% i Fitjar .Noreg: 10%. nokre få har nytta

Brukt hasj: Fitjar 3%-Noreg 3%.

Samanlikna med nabokommunar er dette likt.

Det vil seia at ungdom veit kor dei skal få tak i hasj og eit mindretal har brukt dette.

Ein har her stilt nokre tilleggsspørsmål som går på haldningar til eigen og foreldre sitt bruk av alkohol og her er svara frå Fitjar:

Foreldre kan drikke litt, men ikkje drikka seg rusa i borna si nærleik:

93% gutar svarar- 92%jenter svarar.

Foreldre er viktige førebileter for borna sine, og når det gjeld alkoholbruk:

93% jenter 92% gutar

Foreldre bør kunne henta oss når vi er på fest: Jenter: 74%,gutar

76%jenter

Det er flaut for borna når foreldra er fulle: 86% gutar 88 jenter.

Eg lyttar meir til foreldra mine enn jamnaldrande når det gjeld syn på

rusmiddelbruk: Gutar 80% Jenter 83%

Foreldre og andre bør følgja meir med når det gjeld heime-åleine-festar og andre stader der ungdom samlast: Gutar64% Jenter 75%

Mange ungdommar overnattar heller hos andre enn fordi dei er redde for å visa seg rusa for sine eigne foreldre: Gutar 50% Jenter 60%

Foreldre er ofte naive og uvitande om barna sine rusmiddelvaner:

45%gutar og 50% jenter

Eg lyttar meir til jamnaldrande enn til foreldra mine når det gjeld mitt syn på rusmiddelbruk: Gutar: 29% Jenter 16%

Kva reglar har de heime om ditt forhold til alkohol?

Svar: At eg aldri nokon gong bør bruka alkohol: gutar 19%, jenter 17%.
At eg ikkje får lov å bruke alkohol før fylte 18 år: 73% gutar, 77% jenter
Andel veit ikkje: gutar 5% jenter 6%.

Tilleggsspørsmål i Fitjar:

Det er greitt å sitja på når sjåføren har drukke alkohol: Gutar 5% og
jenter 6% altså ei svært lita gruppe.

Men når vi spør om du kjenner nokre ungdommar som har kjørt moped
eller anna motorisert kjøretøy i rusa tilstand, svarer: gutane 15% og
jentene 25%

Har du nokon gong vore passasjer når sjåføren har drukke alkohol ? Gutar
7% jenter 6%

Har du nokon gong kjørt moped eller anna motorisert kjøretøy når du har
drukke alkohol? Begge kjønn: 2%

Risikoåtfærd og vald:

Nasking: 8 % i Fitjar – Noreg 7%

Slåssing: Fitjar: 19% -Noreg 16%

Utsatt for trugslar og vald: Fitjar: 19% - Noreg 16%

Skada grunna vald: 6% i Fitjar. Noreg: 8%

Konklusjon:

Bergensklinikkane har foretatt bearbeiding av talmatriale. Nøkkeltal er
tilgjengeleg på Ungata.no

Fitjarungdom er stort sett nøgde med fritidssyslar, tilbod, nærmiljø . Dei
skulkar lite og trivst på skulen.

Når det gjeld debutalder er denne gått noko opp om ein samanliknar
talmatriale frå Bergensklinikkane frå 2009.

Blant 10.klasse-svar fleire ikkje betydeleg berusa i dette trinnet i 2015 og
blant det same klassetrinnet viser fleire ikkje
tydeleg rusa, og mindre tidleg berusa- altså har debutalderen gått i riktig
retning.

Årsakene til denne betringa kan vera mange. Ein årsak er langvarig
innsats på førebyggjande arbeid.

Foreldre sine haldningar til rusmidlar spelar ei stor rolle for ungdom i
oppveksten. Ein vil og belyse at ungdom i Fitjar, og elles i landet
har tiltru til foreldra , lyttar , søker råd og rettleiing og har
forventningar. I heile landet seier ungdom i denne undersøkinga at dei
ikkje ønskjer at foreldre skal
vera synlege rusa saman med borna/ungdomane sine. I det
rusførebyggjande arbeidet er det viktig med felles arena for ungdom
saman med foreldra, der dei landar felles

Fitjarungdom skil seg ikkje ut i høve ungdom i resten av landet, men dei
har høgare score på å vera nøgd med fritidssyslar og nærmiljø.
Fitjar-ungdom har gode relasjonar til foreldra sine og høyrer på dei og

ønskjer ikkje at dei skal vera synlege rusa saman med borna sine. Kroppsbilete er likt med landsgjennomsnittet og eit nytt fenomen som har dukka opp i seinare år er ungdom som føler at dei «slit» og føler at alt er eit ork.

Dette er eit nasjonalt «fenomen» som er bekymringsverdig. Her er i markant forskjell på gutar og jenter, der jentene scorar høgast på depressivt stemningsleie og at kvardagen er eit slit. Det er i gong eit større forskingsprosjekt gjennom NOVA på dette området, der ein forsøker å finna svar på fenomenet dette er.